Arkivref: 2011/3716 - 497/2012
Saksh.: Margaret Bakken

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
	Komité for oppvekst og utdanning	

FRAMLEGG OM FORSKRIFT MED HEIMEL I OPPLÆRINGSLOVA § 8-1

Framlegg til vedtak:

Rådmannen, 10.01.2012

Framlegg om forskrift med heimel i opplæringslova § 8-1
Framlegg om forskrift med heimel i opplæringslova § 8-1-kart

Vedlegg
Forskrift om skulekrins i grunnskulen, jf. opplæringslova § 8-1, 1 ledd

Bakgrunn / faktiske opplysningar
I PS 73/11 vedtok kommunestyret følgjande: *"Kommunestyret stadfestar at vedtaket i budsjett og økonomiplan 2012-2015 som gjeld nedlegging av Litlabø skule, og overflytting av elevar frå Litlabø til Tjødnalio og Sagvåg skule er å sjå på som prosessleiande vedtak."*
Endeleg vedtak om Litlabø skule skal leggjast ned, skal etter planen gjerast i kommunestyret 22. mars 2012.

For det tilfellet at det vert fatta vedtak om nedlegging, vert det i denne saka fremja ulike løysingsforlag for overføring av elevane ved Litlabø til andre skular. Dei elevane som i dag gjennom enkeltvedtak har fått tildelt plass og går på Sagvåg skule, må ikkje vike plass for andre elevar.

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Dette følgjer av opplæringslova § 8-1 første ledd første pkt., der det står at elevane "*har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til."* Begge formuleringane, "*nærast*" og "*soknar til*", handlar om same vurderingstema, nemleg kva som skal reknast som nærskulen.

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. I tillegg kan det leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen og skulen sin kapasitet.

Ingen av vegane i grenseskiljet i forskriftsalternativa, er definert som trafikkfarleg veg for skuleelevar etter opplæringslova § 7-1.

Det kan leggjast vekt på kapasitet ved skulen, når det vert dokumentert at ein skule er full.
Ein skule er full i nærskuleprinsippet sin forstand når elevtalet har nådd ei viss grense - skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig. Med eit slikt maksimumstal som bakgrunn, må kommunen fordele dei øvrige elevane på andre skuler på ein forsvarleg og likeverdig måte, enten ved forskriftsregulering og/eller ved enkeltsaksbehandling.

Opplæringslova § 8-1, 1. ledd, 2. pkt., gjev kommunen heimel til å fastsetje forskrifter; "*om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.*" Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjeve for å sikre føreseielegheit for innbyggjarane i kommunen, samt styra den kommunale saksbehandlinga og sikra likebehandling.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vera ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Forskrifta må vera utforma i samsvar med dei omsyn som er lovlege etter ei tolking av lov og forarbeid og opne for subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjerast i den konkrete sak. Med subjektive forhold, meiner ein t.d. om eleven har sysken på skulen.

Uansett kva som vert rekna som nærskulen i høve til lov og forskrift, kan elevar etter opplæringslova § 8-1, 2. ledd, søkje om å få gå på ein annan skule enn den elevane soknar til. I motsetning til avgjerder etter § 8-1, 1. ledd, vil vedtak om å gå på ein annan skule enn nærskulen, jf. opplæringsloven § 8-1, 2. ledd, vera underlagt kommunen sitt "*frie skjønn*".

Vurdering

Skuleåret 2012-2013 er det forventa at det er totalt 69 elevar ved Litlabø skule. Det kan vera fleire alternative måtar å fordele elevane på.

Alternativ 1: Fordeling etter forskrift:

Eit alternativ er å lage ei forskrift som gjer at elevane sine rettar etter nærskuleprinsippet vert ivareteke. Ved dette alternativet vil ein opne opp for å finne frivillege løysingar for enkeltelevar, så langt det ikkje kjem i konflikt men andre elevar sine rettar etter nærskuleprinsippet. Ved val av dette alternativet vil dei elevane ved Litlabø skule, som ynskjer å gå på Tjødnalio skule, kunne gjere det. Dette heng saman med at Tjødnalio skule har kapasitet til å ta imot Litlabøelevane skuleåret 2012-2013.

Sagvåg skule har avgrensa kapasitet. Det gjer at kapasitetsomsyn set ei grense for kor mange elevar som kan få plass ved Sagvåg skule. Sagvåg skule er bygd for sju klassar. Når elevtalet er sett til 28 elevar, vert Sagvåg skule vurdert som full i nærskuleprinsippet sin forstand - skjønnsmessig, pedagogisk og bygningsmessig. Om det skulle verta over 28 elevar i t.d. 7. klasse, så fører det til at klassen får 2-lærarressurs. Bygningsmassen set likevel grenser for elevtalet totalt. Å ha for mange elevar i klassen vil redusera fleksibiliteten i bygget og truleg også gjere krav om tilpassa opplæring endå vanskelegare å realisera i praksis.

Framlegg til forskrift som ligg vedlagt, er lagt opp slik at ulike vegar sorterer til ulike skular. I utkastet vert det teke høgd for å plassere elevane ved Litlabø skule etter nærskuleprinsippet. Dei elevane som bur lengst vekk frå Tjødnalio av elevane ved Litlabø skule, soknar etter utkastet til Sagvåg skule. Dette inneber m.a. at Nysæterstølen og Åkervikåsen, som tidlegare i hovudsak har gått til Litlabø skule og til Sagvåg skule, etter utkastet soknar til Tjødnalio skule. Forskrifta vil truleg i stor utstrekning føre til same resultat som om ein hadde nytta nærskuleprinsippet i høve til vurdering av kvar enkelt elev på Litlabø skule. Men forskrifta legg opp til at elevar frå Litlabø skule, som bur i same veg, skal sokne til same skule.

Denne forskrifta posisjonerer seg nokon grad, i høve til dei kjente utbyggingsplanane i Rukjen og Vikanes. Høyringsutkastet viser at dersom elevane vert fordelt etter dette forskriftsframlegget, vil Sagvåg skule ha noko kapasitet fram til og med skuleåret 2015-2016. Forskrifta vil såleis vera føreseieleg i nokre år framover.

På eit seinare tidspunkt må truleg forskrifta reviderast slik at det vert gjort ei grenseflytting opp mot Sagvåg skule. Kor omfattande ei slik grenseflytting må vera, vil avhenge av om og eventuelt når, Sagvåg skule vert utvida til ein 2 parallellskule. Dette er ikkje avklart i skrivande stund.

Det hadde pr. dato vore mogeleg å lage ei alternativ forskrift som i større grad posisjonerer seg i høve til utbygginga på Rukjen og Vikanes. Dersom ein ikkje klarer å utvide Sagvåg skule til ein 2 parallellskule innanfor planperioden, vil eit dette vera føremålstenleg. Vegar som i dag soknar til Sagvåg skule, som t.d. Rindane og Hamrane m.fl., vil truleg etter eit slikt alternativet sokne til Tjødnalio skule.

Born i dette området, som skal byrje på skulen dei komande åra, vil uansett i stor grad byrje på Sagvåg skule. Sjølv om vegen dei bur i etter den alternative forskrifta vil sokne til Tjødnalio skule, vil dei kunne ha rett til å gå på Sagvåg skule fordi dei har søsken der frå før.

Men for å sikre at den eldste i søskenflokken vert styrt mot Tjødnalio, kan det kanskje vera tenleg å setje i verk ei slik alternativ forskrift no. Då vil ein kanskje unngå at søskenproblematikk fører til underkapasitet ved Sagvåg skule i framtida.

Alternativ 2: Fordeling etter samla enkeltvedtak

Enkeltvedtak om samla overføring av alle elevane ved Litlabø til Tjødnalio skule.

Eit alternativ er å gjere eit enkeltvedtak på at alle elvane ved Litlabø skule vert overført til Tjødnalio skule. Tjødnalio skule kan ta imot alle elevane frå Litlabø, skuleåret 2012-2013.

Samla elevkapasitet ved Tjødnalio skule er 392 elevar. Tjødnalio skule er nemleg dimensjonert for 2 parallelle klassar. Administrativt areal (møte- og arbeidsrom), toalett og garderobar er likevel berre dimensjonert for 1 parallell. Overføring av alle elevane frå Litlabø skule til Tjødnalio skule vil difor bety at skulen må påbyggjast i høve til administrativ areal. Det må også gjerast mindre justeringar i høve til å få tilpassa klasseromma.

Ved å flytta alle elevane til Tjødnalio skule, unngår ein at elevgruppene vert splitta. Men ei slik samla overføring, vil neppe vera i tråd med nærskuleprinsippet.

Konklusjon

Saka vert sendt ut på høyring utan innstilling. Vurdering, konklusjon og endeleg framlegg til vedtak vert skrive etter høyringsrunden.